Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe	*Saksbehandlar*
2026/7266-1	Signy Aarre Prestnes

Saksgang		
Saksnr	***Utval***	***Møtedato***
2026/36	Levekårsutvalet	06.10.2026

Lokal forskrift om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar i Kvinnherad kommune

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i forskrift om finansiering av private barnehagar § 5 fjerde ledd vert forslag til lokal forskrift om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar i Kvinnherad kommune lagt ut til offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Det vert foreslått at private barnehagar, i tillegg til lovpålagd rapportering per 15. desember, skal rapportere barnetal og årsverk per 1. mars og 15. august.

Høyringsfristen vert sett til seks veker.

Levekårsutvalet si behandling i møte den 06.10.2026:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteke.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om finansiering av private barnehagar § 5 fjerde ledd vert forslag til lokal forskrift om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar i Kvinnherad kommune lagt ut til offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Det vert foreslått at private barnehagar, i tillegg til lovpålagd rapportering per 15. desember, skal rapportere barnetal og årsverk per 1. mars og 15. august.

Høyringsfristen vert sett til seks veker.

Vedlegg:

1. Lokal forskrift om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar i Kvinnherad kommune

Samandrag/Saka gjeld:
Frå tilskotsåret 2027 kan kommunane, med heimel i finansieringsforskrifta, fastsetje lokale forskrifter om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar.
Teljetidspunkta dannar grunnlag for berekning av kommunalt tilskot til private barnehagar.

Kommunedirektøren legg fram forslag til lokal forskrift for Kvinnherad kommune og tilrår å vidareføre dei lokale teljetidspunkta 1. mars og 15. august. Desse kjem i tillegg til den lovpålagde rapporteringa per 15. desember.
Forslaget byggjer på ei vurdering av behovet for eit representativt og oppdatert tilskotsgrunnlag, samstundes som administrasjonsbelastninga for kommunen og barnehagane vert halden på eit rimeleg nivå.

Forskrifta vert sendt på offentleg høyring før endeleg vedtak.

Saksutgreiing:
Etter forskrift om finansiering av private barnehagar § 5 skal private barnehagar rapportere tal på barn, alderssamansetjing, opphaldstid og årsverk per 15. desember kvart år. Etter § 5 fjerde ledd kan kommunen i lokal forskrift fastsetje ytterlegare rapporterings- og teljetidspunkt gjennom tilskotsåret.

Formålet med den lokale forskrifta er å sikre at tilskotsgrunnlaget i størst mogleg grad samsvarer med aktiviteten i dei private barnehagane, samstundes som ordninga er føreseieleg og praktisk gjennomførbart.

Ved utforming av forskrifta har administrasjonen vurdert ulike modellar for rapportering og teljetidspunkt.

Administrasjonen vurderer at teljetidspunkta 15. desember, 1. mars og 15. august gir eit tilstrekkeleg og rimeleg grunnlag for berekning av tilskot. Tidspunkta fangar opp dei viktigaste endringane i løpet av barnehageåret, mellom anna endringar etter nyttår og ved oppstart av nytt barnehageår. Dagens teljetidspunkt 15. august er særleg godt tilpassa lokale forhold i Kvinnherad, der mange skulestartarar sluttar i barnehagen i midten av august samstundes som nye barn tek til.

Kommunen utbetaler tilskot forskotsvis kvart kvartal. Dei føreslege teljetidspunkta er tilpassa dagens system for berekning og utbetaling av tilskot. Ei vidareføring av dagens teljetidspunkt vil derfor gi føreseielegheit for både kommunen og dei private barnehagane og redusere behovet for endringar i etablerte administrative rutinar.

For å sikre at vesentlege aktivitetsendringar kan fangast opp mellom teljetidspunkta, vert det foreslått meldeplikt til kommunen. Med aktivitetsendringar meinast endringar i barnetal, opphaldstid eller årsverk som i vesentleg grad påverkar grunnlaget for kommunalt tilskot.

Døme på slike endringar kan vere større auke eller reduksjon i barnetalet, oppretting eller nedlegging av avdeling, eller andre endringar som påverkar barnehagen si drift og kapasitetsutnytting i vesentleg grad.

Administrasjonen vurderer at ordninga med teljing per 15. desember, 1. mars og 15. august, kombinert med plikt til å melde frå om vesentlege aktivitetsendringar, gir eit godt og balansert grunnlag for tilskotsutmåling. Løysinga fangar opp ordinære endringar gjennom året samstundes som forskrifta sikrar at større endringar i barnetal, opphaldstid eller årsverk kan handterast særskilt ved behov.

Vurdering av rapporterings- og teljetidspunkt

Ei ordning avgrensa til den lovpålagde rapporteringa per 15. desember ville vere enkel å administrere for både kommunen og dei private barnehagane.

Samstundes ville tilskotsgrunnlaget berre bli oppdatert éin gong i året. Endringar i barnetal, opphaldstid og årsverk som skjer etter teljetidspunktet, ville i liten grad bli fanga opp i tilskotsgrunnlaget før neste tilskotsår. Kommunedirektøren vurderer derfor at eitt teljetidspunkt gir eit mindre representativt bilete av aktiviteten i barnehagane enn ei ordning med tre teljetidspunkt.

Sjølv om store aktivitetsendringar kan meldast inn særskilt til kommunen, vurderer kommunedirektøren at tre ordinære teljetidspunkt gir eit meir føreseieleg og robust grunnlag for tilskotsutmåling.

Månadlege teljingar

Månadlege teljingar ville gi det mest oppdaterte grunnlaget for tilskotsberekning. Modellen ville i stor grad fange opp alle endringar i barnetal og årsverk gjennom året.

Samtidig ville dette medføre ei betydeleg administrativ belastning for både kommunen og dei private barnehagane. Barnehagane måtte rapportere kvar månad, medan kommunen måtte kontrollere, behandle og følgje opp rapporteringane fortløpande.

Administrasjonen vurderer at nytten av månadlege teljingar ikkje står i forhold til den auka ressursbruken. Dette må også sjåast i samanheng med at kommunalt tilskot vert utbetalt kvartalsvis. Hyppigare rapportering vil difor i avgrensa grad gi meirverdi samanlikna med ressursane ordninga krev.

To lokale teljetidspunkt i tillegg til nasjonalt rapporteringstidspunkt

Administrasjonen vurderer at den lovpålagde rapporteringa per 15. desember, kombinert med lokale teljetidspunkt per 1. mars og 15. august, gir den beste balansen mellom oppdatert informasjon og administrativ handterbarheit.

Desse teljetidspunkta fangar opp barnetalet på sentrale tidspunkt gjennom året:

- 15. desember fangar opp aktivitetsendringar gjennom hausten og dannar grunnlag for tilskotsåret.
- 1. mars fangar opp endringar som har skjedd ved årskiftet og i vintermånadene.

- 15. august fangar opp endringar ved hovudopptaket og oppstart av nytt barnehageår.

Til saman gir teljetidspunkta eit meir representativt bilete av faktisk aktivitet i barnehagane enn eitt enkelt teljetidspunkt. Samstundes unngår kommunen og barnehagane den administrative belastninga som ville følgje av hyppigare rapportering.

Administrasjonen legg særleg vekt på at barnetalet i barnehagane ikkje er statisk. Nokre barnehagar opplever reduksjon i barnetalet gjennom året, medan andre tek inn nye barn fortløpande. Eit system med fleire teljetidspunkt fangar opp slike aktivitetsendringar betre enn eitt enkelt teljetidspunkt og bidreg til at tilskotsgrunnlaget i større grad speglar den faktiske drifta.

Vidare er dei føreslegne teljetidspunkta kjende for både kommunen og dei private barnehagane gjennom tidlegare praksis. Dette gir føreseielegheit og reduserer behovet for nye administrative rutinar.

Økonomisk berekraft:

Forslaget har ingen vesentlege økonomiske konsekvensar utover ordinær forvaltning av tilskotsordninga.

Den lovpålagde rapporteringa per 15. desember, kombinert med lokale teljetidspunkt per 1. mars og 15. august, gir betre grunnlag for berekning av kommunalt tilskot enn ei ordning med berre lovpålagd rapportering. Samstundes er ressursbruken vesentleg lågare enn ved hyppigare rapportering gjennom året

Miljø og klima berekraft:
Forslaget har ingen kjende konsekvensar for klima eller miljø.

Sosial berekraft:
Private barnehagar er ein viktig del av det samla barnehagetilbodet i kommunen. Ei finansieringsordning som i størst mogleg grad speglar faktisk aktivitet bidreg til stabile rammevilkår og eit føreseieleg barnehagetilbod for barn og familiar.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:
Forslaget vert sendt på offentleg høyring. Private barnehagar og andre aktuelle høyringspartar får høve til å kome med innspel før endeleg forskrift vert vedteken.

Konklusjon:
Kommunedirektøren vurderer at den lovpålagde rapporteringa per 15. desember, kombinert med lokale teljetidspunkt per 1. mars og 15. august, gir eit tilstrekkeleg og administrativt gjennomførbart

grunnlag for berekning av kommunalt tilskot til private barnehagar. Løysinga fangar opp dei viktigaste aktivitetsendringane gjennom året, samstundes som rapporteringsbelastninga vert avgrensa. Forslaget kombinerer faste teljetidspunkt med plikt til å melde frå om vesentlege aktivitetsendringar mellom teljetidspunkta, og sikrar dermed eit balansepunkt mellom føreseieleg finansiering og eit tilskotsgrunnlag som i størst mogleg grad samsvarar med faktisk aktivitet. Forslaget vidarefører etablerte rapporteringsrutinar i Kvinnherad kommune, samstundes som det sikrar at vesentlege aktivitetsendringar kan fangast opp mellom teljetidspunkta i samsvar med finansieringsforskrifta. Kommunedirektøren tilrår på denne bakgrunnen at forslag til lokal forskrift om rapportering og teljetidspunkt for private barnehagar i Kvinnherad kommune vert sendt på offentleg høyring.